

**Ørskog kommune**  
**Plan for samarbeidet mellom barnehage og skule**  
**rundt ein god skulestart.**

**Gjeld frå skuleåret 2015/2016**

Utgangspunkt for samarbeidet er Lov om barnehager § 2 som seier at Barnhagen skal vere ei pedagogisk verksemd og Lov om Opplæring § 1-3 som slår fast at opplæringa skal vere tilpassa kvar einskild elev og at ein skal legge til rette for tidleg innsats.

**Ørskog kommune har som overordna mål at ein gjennom samarbeidet mellom barnehage og skule skal legge til rette for tidleg innsats og tilpassa opplæring for elevane.**


Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver set også søkelys på eit samarbeid:

*” Barnehage og skole er begge institusjoner for omsorg, oppdragelse, lek og læring. Barn vil møte både likhetstrekk og ulikheter mellom institusjonene. Barnehage og skole bør gi hverandre gjensidig informasjon om sine respektive virksomheter. Barnehagen og skolen har et felles ansvar for at barn kan møte ulikhetene med nyskjerrighet og tillit til egne forutsetninger. Det må legges til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å begynne på skolen og oppleve av det er sammenheng mellom barnehage og skole.*

<b>Mål for arbeidet</b>	<b>Rammevilkår</b>	<b>Ansvarleg</b>
Tilsette i barnehagane og skulane skal kjenne til det arbeidet som vert gjort i barnehagen siste året barna går der, og kva som vert vektlagt første året i grunnskulen. Dette for å gjere overgangen best mogleg i høve til einskildbarnet sine føresetnader og behov, for så å kunne tilpasse opplæringa i 1. klasse på best mogleg måte.	<i>”Skolen skal ha rom for alle, og lærarane må derfor ha blick for den einskilde. Undervisninga må tilpassast ikkje berre til fag og stoff, men og til alderstrinn og utviklingsnivå, til den einskilde eleven og den samansette klasse.”</i>  <i>(Læreplanen, generell del:19)</i>	Kommunalsjef Styrrar Rektor
«Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» (2011) vektlegg omsorg, leik og læring som viktig innhald i barnehagen, i tillegg til sju fagområde som barnehagen er forplikta til å ta med i høve til tema-arbeid, kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. <i>(Kompetanse i barnehagen, strategi for kompetanseutvikling i barnehagen «Vi viser veg»).</i>	<u>Dei sju fagområda er:</u> Kommunikasjon, språk og tekst Kropp, bevegelse og helse Kunst, kultur og kreativitet Natur, miljø og teknikk Etikk, religion og filosofi Nærmiljø og samfunn Antall, rom og form  <i>”Planer for overgang frå barnehage til skule skal vere nedfelt i barnehagen sin årsplan”</i>	Styrrarar Pedagogiske leiarar Fagarbeidarar Assistentar

## 1. FØRSTE MØTE FOR INFORMASJONSUTVEKSLING:

Tid	Deltakarar	Innhald	Ansvarleg
September	Rektor, styrarar, leiar for PPT, helsesøster kommunalsjef	<p><u>Tema for møtet</u> Informasjon om «Barn som er i løypa». Det vil seie talet på barn som dei komande åra vil gå over i skulen og som treng ekstra ressursar og oppfølging. Viktig å få fram informasjon om kva utfordringar skulen vil få og kva tiltak dei skal førebu for å gje barna ein god skulestart. Like viktig å få fram kva forventningar skulen har til barnehagen når det gjeld å førebu skulestart.</p>	Rektor skal kalle inn til møte
		<p><u>Før møtet</u> må kvar einskild barnehage ha telt opp kor mange barn med ekstra utfordringar ein har på dei ulike årskulla og kva ulike utfordringar det gjeld. PPT og helsesøster skal gje supplerande opplysningar utan at ein kjem inn på individnivå. I tilfelle dette vert vurdert som nødvendig, skal det avklarast med dei aktuelle foreldra på førehand. Målet er å gjere skulen betre i stand til å legge til rette undervisninga og på den måten gje alle barn eit så likt utgangspunkt som råd når det gjeld fagleg og sosial læring. <i>Jfr: Tidleg innsats og tilpassa opplæring.</i></p>	Styrar Ped.leiarar
		Rektor skal utifrå opplysningane legge til rette for at skulen har det som trengst av ressursar og kompetanse etter kvart som dei barna det her er snakk om, går over i skulen. Jfr Økonomiplan/Budsjett/Handlingsplanar	Rektor Teamleiar Styrar Ped.leiarar



## 2. ANDRE MØTE FOR INFORMASJONSUTVEKSLING:

Tid	Deltakarar	Innhald	Ansvarleg
Oktober	Rektor, event.representert ved teamleiarar på småskuletrinnet, SFO-leiarar Ped.leiarar/styrar i tilhøyrande barnehagar	<p><b>Tema for møtet</b></p> <p><b>Teamleiarar</b> på småskuletrinnet informerer om kva som vert vektlagt i skulen første skuleåret.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- arbeidsmåtar</li> <li>- vektleggingar utifrå gjeldande læreplan,</li> <li>- kva ferdigheiter skulen ønskjer at barna øver på fram til skulestart.</li> </ul> <p><b>Ped.leiarar</b> informerer om</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rammeplan for barnehager</li> <li>- Årsplanen for det aktuelle året.</li> <li>- Førskulegruppe</li> <li>- Fokusområde</li> </ul> <p>Diskusjon rundt det som fagpersonane har presentert.</p>	Rektor kallar inn
		<p><b>Før møtet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- må kvar ein skild barnehage ha sett opp ein generell plan over førskuleopplegget. Denne skal omhandle kva barnehagen forpliktar seg til å arbeide med i førskulegruppa dette året. Her må satsingsområda og arbeidsmetodar presiserast, då utifrå rammeplanen og den aktuelle barnegruppa.</li> <li>- må teamleiarane utforme ei oversikt som viser arbeidsmåtar og kva som er innhald i undervisninga utifrå gjeldande læreplan. Vidare ei liste over kva ferdigheiter barna bør øve på fram til skulestart.</li> </ul>	Styrar Ped.leiarar Rektor Teamleiarar
		<p><b>På møtet</b> må kvar ein skule og «tilhøyrande» barnehagar gjere <u>konkrete avtalar</u> om samarbeid.</p> <p><b>Avtalen skal innehalde opplysningar om</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- møtepunkt for samarbeid fram mot skulestart,</li> <li>- besøksordning for å verte kjent og trygg, barna besøker skulen og læraren/elevar besøker barnehagen, (smågrupper)</li> <li>- besøk for å bli kjent på skuleområdet,</li> <li>- eventuell fadderordning,</li> <li>- aktivitetar saman med SFO,</li> <li>- dato og innhald i innskrivingsdagen i januar</li> <li>- datoar for bli-kjent-dagar der barna blir kjent med lokala og nokre av dei vaksne på skule/SFO,</li> <li>- dato for rektor sitt informasjonsmøte for føresette, - i samband med bli-kjent-dagane</li> <li>- tidfeste periode for foreldresamtaler der barnehagen avtalar kva informasjon skulen skal få om det ein skilde barnet.</li> </ul> <p><b>Etter møtet:</b></p> <p><b>Denne avtalen skal vere skriftleg og utdelast til foreldra</b></p>	Rektor Teamleiar Styrarar Ped.leiarar

### 3. TREDJE MØTE FOR INFORMASJONSUTVEKSLING:

Tid	Deltakarar	Tema på møtet	Ansvarleg
Mai/juni	Teamleiar på småsk.trinnet Kontaktlærarar (dersom dette er bestemt) SFO-leiar Ped.leiarar/ styrarar i tilhøyrande barnehagar	-arbeid som har vore spesielt vektlagt, -språkleg kompetanse denne gruppa innehar, (generell gjennomgang av TRAS-skjemaet), -ferdigheiter/sterke sider i gruppa, -drøfting av vidare arbeid med elevgruppa, -korleis fungerer gruppa sosialt, i samla gruppe/smågrupper? -korleis forhold gruppa seg til vaksne? -korleis forhold gruppa seg til regler og rutiner? -erfaringsutveksling i høve til utprøvde arbeidsmåtar,	Rektor kallar inn

#### Samarbeid med heimen:

Barnehagen gjennomfører foreldresamtalar om våren med ei drøfting av førskulebarnet sine interesser og sterke sider, samt ei drøfting av kva barnet meistrar, og kva det treng særskilt støtte til. Evt gjennomgang av «Alle med» og TRAS. I samtalen må pedleiarane også få samtykke frå føresette til at informasjon i høve einskildbarn som skal byrje på skulen, kan gjevast til rektor/kontaktlærar.

#### Innskriving av 1. kl. i januar:

Rektor tek kontakt med styrar i barnehagane for å få tilsendt adresselister på dei som skal over i skulen, og sender så ut brev til alle foreldre med dato for innskriving. Innskriving skal også annonserast i avisa. På innskrivingsdagen skal foreldra få munnleg og skriftleg informasjon om kva forventningar skulen har til dei som foreldre i høve skulestart. Rektor og einingsleiar for barnehage skal i lag med representantar frå FAU utarbeide slik informasjon.

#### Arbeidet i barnehagen og i førskulegruppa:

Arbeidet i barnehagen bør innebere eit lærings-syn som ser på alle situasjonar som potensielle lærings-situasjonar. Barna er i kontinuerleg utvikling, og læring skjer ved at den vaksne fungerer som stillas for barnet ved å hjelpe/vise barnet korleis oppgåver kan løysast. I etterkant let den vaksne barnet så utføre oppgåva på eiga hand.

I barnehagen skal det dannast ei ramme rundt førskulegruppa, slik at dei barna som skal byrje på skulen får etablere seg som ei gruppe. Her skal ein trekke inn ulike skulefag på ein leikprega måte.

Innhaldet i førskulegruppa skal ha fokus på:

#### BASISFERDIGHEITER, SJØLVHJELP OG SOSIAL KOMPETANSE:

- barna sin medverknad, dialog, øving i det å kunne ta val, øving i å kunne vente på tur,
- oppøving i å ta ansvar for eiga påkledning, halde orden på tingane sine, sjølvhjelp på toalettet, gode hygienevanar,
- øve på å ta imot kollektive beskjeder,
- få erfaring med dei ulike fagområda i Rammeplanen gjennom varierte aktivitetar t.d. leik og turar i nærmiljøet, då knytt både til formelle og uformelle situasjonar,
- fremje barna sin skapartrøng og lærelyst, gje barna konkrete erfaringar,
- førskulebarna skal kartleggast ved hjelp av verktya TRAS og «Alle med» ved behov
- arbeid med språkleg bevisstheit, omgrepsutvikling og språkforståing,
- oppøving av arbeidsminnet